



NVE
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Vår ref
SOTR 13/273 - 20

Dykkar ref

Arkiv
S10

Dato
02.05.2014

Fråsegn frå Jølster kommune - Paulen kraftverk

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den planlagde utbygginga av Paulen kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden så lenge det vert teke omsyn til områdetets kvalitetar som naturområde, og at kraftverksbygningen ikkje vert sett opp innafor naturtypen hagemark. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Handsaming i Utval for Plan og Utvikling 30.04.2014:

Framlegg frå Jan Ove Flaten til nytt punkt 1 i vedtaket:

Den planlagde utbygginga av Paulen kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden så lenge det vert teke omsyn til områdetets kvalitetar som naturområde, og at kraftverksbygningen ikkje vert sett opp innafor naturtypen hagemark samt at vassintaket skal følgje alternativ 2 det vil sei ei etablering av





inntak nedstraums kommunal bru. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Røysting:

Samrøystes i samsvar med tilrådinga og nytt punkt 1 frå Jan Ove Flaten.

UPU-048/14 Vedtak:

Den planlagde utbygginga av Paulen kraftverk er vurdert som lite konfliktfylt og Jølster kommune har ikkje avgjerande merknadar til søknaden så lenge det vert teke omsyn til områdets kvalitetar som naturområde, og at kraftverksbygningen ikkje vert sett opp innafor naturtypen hagemark samt at vassintaket skal følgje alternativ 2 det vil sei ei etablering av inntak nedstraums kommunal bru. Med grunnlag i dette vil Jølster kommune vil tilrå å gje konsesjon for bygging og drift av Paulen kraftverk.

Det er ikkje avgjerande merknadar i høve gjeldande kommuneplan.

Inngrepa som følgje av tiltaket bør vere skånsame og tilpassa eksisterande terrengtilhøve.

Det vert elles synt til administrasjonens saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.

Med helsing

Solfrid Trå
Naturforvaltar
57726124

Vedlegg:

Tittel

Fråsegn frå Jølster kommune, behandling av småkraftsøknader - Paulen kraftverk





Jølster kommune

6843 Skei i Jølster

tlf. 57 72 61 00

postmottak@jolster.kommune.no

Skaparkraft - i verdas vakraste ramme.

jolster.kommune.no

